



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 04.02.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:45 - 14:30

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---------------------------|-------|--------------|
| Karstein Totland | H | Ordfører |
| Torill Torsvik Størkersen | AP | Varaordfører |
| Geir Egil Haugsvær | Sp | Medlem |
| Erlend Kvamsdal | H | Medlem |
| Siri Tangedal Kratzmeier | Krf | Medlem |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|----------|--|
| 001/2021 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/2021 | Godkjenning av møtebok |
| 003/2021 | Finansrapportering pr 31.12.2020 |
| 004/2021 | Saldering budsjett 2021 |
| 005/2021 | Framlegg til ny forskrift for renovasjon - ny renovasjonsforskrift |
| 006/2021 | Godkjenning av forskrift for slamtømming |
| 007/2021 | Gebyr - renovasjon og slam 2021 |
| 008/2021 | Drøfting av organisering av frivilligsentralen i Masfjorden kommune |
| 009/2021 | Leiingsressurs i oppvekstområda - Matre, Sandnes og Nordbygda |
| 010/2021 | Innkjøpsreglement for Masfjorden kommune |
| 011/2021 | Framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes |
| 012/2021 | Klage på godkjent reguleringsplan for Matre næringsområde gnr. 52 bnr 10 m.fl. |
| 013/2021 | Midlar til prosjektering av mindre vegutbetringar langs fykesveggar i Masfjorden kommune |
| 014/2021 | Utbyggingsavtale Varleitet på Kvamme gnr 32 bnr 2 |
| 015/2021 | Referatsak |
| 016/2021 | Søknad om mindre reguleringsendring for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo |
| 017/2021 | Prosjekt knytt til drikkevatt i Masfjorden kommune 2021 - 2022 |
| 018/2021 | Kraftmelding pr. 31.12.2020 |
| 019/2021 | Søknad om lån frå Berinvest |
| 020/2021 | Søknad om tilskot til tursti ved idrettsanlegget på Hosteland og tilskot til Sleire skulemuseum inkl parkeringsplass |

001/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 001/2021 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2021: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 002/2021 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2021: Finansrapportering pr 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapporteringa pr. 31.12. 2020 vert teken til vitring

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 003/2021 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 31.12. 2020 vert teken til vitring

004/2021: Saldering budsjett 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2021 blir endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 004/2021 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2021 blir endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

005/2021: Framlegg til ny forskrift for renovasjon - ny renovasjonsforskrift

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for renovasjon ut på offentlig høyring. Høringsfristen vert på 6 veker frå utleggsdato.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 005/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for renovasjon ut på offentlig høyring. Høringsfristen vert på 6 veker frå utleggsdato.

006/2021: Godkjenning av forskrift for slamtømming

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til ny forskrift for slamtømming, med heimel i Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd, §30 2. og 3. ledd og §34.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 006/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til ny forskrift for slamtømming, med heimel i Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd, §30 2. og 3. ledd og §34.

007/2021: Gebyr - renovasjon og slam 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Renovasjonsgebyr og slam for 2021 Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer.

Masfjorden kommune har mottatt forslag på renovasjon – og slamgebyr for 2021 frå NGIR.

Renovasjonsgebyr og slam for 2021 Masfjorden kommune (eks.mva) vart lagt fram etter forslag på gebyra for 2021.

Forslag til renovasjonsgebyr 2021, vart behandla i representantskapsmøte 26. oktober 2020.

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette.

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995

Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 007/2021 VEDTAK:

Renovasjonsgebyr og slam for 2021 Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer.

Masfjorden kommune har mottatt forslag på renovasjon – og slamgebyr for 2021 frå NGIR.

Renovasjonsgebyr og slam for 2021 Masfjorden kommune (eks.mva) vart lagt fram etter forslag på gebyra for 2021.

Forslag til renovasjonsgebyr 2021, vart behandla i representantskapsmøte 26. oktober 2020.

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette.

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995

Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990

008/2021: Drøfting av organisering av frivilligsentralen i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram for drøfting.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å sjå på organisering av frivilligsentralen. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) får i oppdrag å ta initiativ til å få nedsett ei slik arbeidsgruppe og å starte drøfting for ny organsiering av frilvillsentralen.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 008/2021 VEDTAK:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å sjå på organisering av frivilligsentralen. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) får i oppdrag å ta initiativ til å få nedsett ei slik arbeidsgruppe og å starte drøfting for ny organsiering av frilvillsentralen.

009/2021: Leiingsressurs i oppvekstområda - Matre, Sandnes og Nordbygda

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til vidare drøfting.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkesen (Ap) ba om at følgjande vart protokellert som innspel frå Masfjorden Ap og Masfjorden KrF:

Etter tilbakemeldingar frå fagforeiningane innan skule- og oppvekst, meiner vi at prosessen med å involvere dei tilsette òg dei aktuelle leiarane i ein slik omorganiseringsprosess, må gjerast betre. Å innføre ei ny organisering frå august 2021, er alt for tidleg og i liten grad av påverknig for dei det gjeld. Og det gjeld heile kollegiet i både skulane og barnehagane. Me må òg sikre oss at prosessen vert så god, og at den er ynskja, slik at det ikkje går ut over viktige utviklingsoppgåver i skule og barnehage, slik som nye læreplanar, dysleksivennleg skule og førebygging av mobbing.

Ein er også no i prosess med tilsetting av lærarar og assistentast for neste skule- og barnehageår. Tidspunktet dette vert gjort på er derfor også viktig. No har me ro i stillingane av rektorar og styrarar, og administrasjonen må ha dialog med dei det gjeld, om eit slikt tiltak er fornuftig i oppvekstområda i Masfjorden, eller om det er andre gode forslag på sparetiltak, permanent eller mellombels. I tillegg må ein ha grundig utgreiing av forslaget, både økonomisk og fagleg. Det vil seie at dersom Gulen-modellen skal eveluerast, ja, så er det naturleg at me venter til den ligg føre. I tillegg så ville det vore naturleg å ha sett ned ei arbeidsgruppe for dei det gjeld, der ny mogleg organisering kan diskutast fram, og finne gode løysingar.

Ordninga med valfag, bør kunne gjennomførast som prøveprosjekt for så å evaluerast, men må sjølvstøtt gjerast med støttelærarar for dei som har digital undervisning.

Masfjorden har svært gode grunnskulepoeng, og det må ein arbeide med for å oppretthalde.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet ber om at administrasjonen jobbar vidare med saka for betre utgreiing og involvering av dei tilsette i skule og barnehage. Dette for å sjå kva tiltak, organisatorisk i og mellom oppvekstområda, som er mogleg. Dette må ikkje gå på ut over den kvaliteten me har i skule og barnehage i dag.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 009/2021 VEDTAK:

Formannskapet ber om at administrasjonen jobbar vidare med saka for betre utgreiing og involvering av dei tilsette i skule og barnehage. Dette for å sjå kva tiltak, organisatorisk i og mellom oppvekstområda, som er mogleg. Dette må ikkje gå på ut over den kvaliteten me har i skule og barnehage i dag.

010/2021: Innkjøpsreglement for Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Innkjøpsreglement for Masfjorden kommune vert tatt til vitring.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 010/2021 VEDTAK:

Innkjøpsreglement for Masfjorden kommune vert tatt til vitring.

011/2021: Framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes

Rådmannen sitt framlegg:

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn. Det vert vist til plankart, føresegner og planskildring dagsett 23.01.2021.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 011/2021 VEDTAK:

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn. Det vert vist til plankart, føresegner og planskildring dagsett 23.01.2021.

012/2021: Klage på godkjent reguleringsplan for Matre næringsområde gnr. 52 bnr 10 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune tek ikkje klagen dagsett 10.12.2020 frå Arnold Matre til følgje.

Vedtaket gjort i kommunestyret i sak 073/2020 i møte den 22.10.2020 vert difor oppretthalde.

Klagen vert i medhald av forvaltningslova sin § 28, jf. plan- og bygningslova sin § 1-9 sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek klagen til følgje.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke mot ei røyst (KrF).

FS - 012/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune tek ikkje klagen dagsett 10.12.2020 frå Arnold Matre til følgje.

Vedtaket gjort i kommunestyret i sak 073/2020 i møte den 22.10.2020 vert difor oppretthalde.

Klagen vert i medhald av forvaltningslova sin § 28, jf. plan- og bygningslova sin § 1-9 sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming.

013/2021: Midlar til prosjektering av mindre vegutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert sett av inntil kroner 100.000,- til prosjektering av aktuelle punktutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune i 2021.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 013/2021 VEDTAK:

Det vert sett av inntil kroner 100.000,- til prosjektering av aktuelle punktutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune i 2021.

014/2021: Utbyggingsavtale Varleitet på Kvamme gnr 32 bnr 2

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale for Varleitet på Kvamme gnr. 32 bnr. 2 dagsett 26.01.2021.

Tilskotet til utbygginga vert å ta over bustadfondet.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 014/2021 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale for Varleitet på Kvamme gnr. 32 bnr. 2 dagsett 26.01.2021.

Tilskotet til utbygginga vert å ta over bustadfondet.

015/2021: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

Skriv 1 - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Orientering om vedtak

Skriv 2 - Faglig vurdering av mulige nye nasjonalparkområdet

Skriv 3 - Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland - utkast planprogram

Skriv 4 - Tilrettelegging av tursti ved idrettsanlegg på Hosteland

Skriv 5 - Søknad om tilskot til tursti

Skriv 6 - Fornyng av avtale om prestestilling

Formannskapet ba om at kyrkjeverje orientere om korleis ordninga fungerte.

Skriv 7 - Skule- og barnehageruta 2021-2022

Skriv 8 - Søknad om støtte til inntektstap grunna Covid 19

Skriv 9 - Klage på reguleringsvedtak i sak om datasenter på Matre

Skriv 10 - Kommentar til sak om Leiingsressurs i oppvekstområda Matre, Sandnes og Nordbygda

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) ba om å få ei orientering i neste kommunestyremøte 11.02.21 om aktiviteten til ungdomsrådet 2020 - organisering, val, antal møte, saker som vore behandla m.m. Korleis har ungdomsrådet fungert sidan ein fekk den strukturen ein har i dag.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 015/2021 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

016/2021: Søknad om mindre reguleringsendring for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo

Rådmannen sitt framlegg:

Mindre reguleringsendring for del av reguleringsplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart dagsett 22.01.2021 som viser endringa.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 016/2021 VEDTAK:

Mindre reguleringsendring for del av reguleringsplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart dagsett 22.01.2021 som viser endringa.

017/2021: Prosjekt knytt til drikkevatn i Masfjorden kommune 2021 - 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i 2021:

1. Ny trykkaukeasjon ved Legdavic
2. Trykkaukeasjon til planlagt bustadfelt på Varleitet.
3. Vassleidning frå område Fensfjordbygg til bustader i Yndesdalsvegen 22, 26 m.fl. må utgreiast meir før ein kan ta endeleg avgjerd om kommunal deltaking. Rådmannen får fullmakt til å forhandle med dei aktuelle abonnentane om fordeling av kostnader, og leggja fram avtale til politisk handsaming.

Oppstart av ny hovudplan for drikkevatn vert lagt fram som eiga sak hausten 2021. Prosjekt 4 og 5 nemnt nedunder vert å drøfta nærmare i samband med dette planarbeidet.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 017/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i 2021:

1. Ny trykkaukeasjon ved Legdavic
2. Trykkaukeasjon til planlagt bustadfelt på Varleitet.
3. Vassleidning frå område Fensfjordbygg til bustader i Yndesdalsvegen 22, 26 m.fl. må utgreiast meir før ein kan ta endeleg avgjerd om kommunal deltaking. Rådmannen får fullmakt til å forhandle med dei aktuelle abonnentane om fordeling av kostnader, og leggja fram avtale til politisk handsaming.

Oppstart av ny hovudplan for drikkevatn vert lagt fram som eiga sak hausten 2021. Prosjekt 4 og 5 nemnt nedunder vert å drøfta nærmare i samband med dette planarbeidet.

018/2021: Kraftmelding pr. 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kraftmelding pr. 31.12.2020 vert teken til vitring.

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 018/2021 VEDTAK:

Kraftmelding pr. 31.12.2020 vert teken til vitring.

019/2021: Søknad om lån frå Berivest

Rådmannen sitt framlegg:

- 1. Berivest as får tilbod om lån gjennom kraftfondet med inntil kr 500.000 til ferdigstilling investeringsføremål og oppstart av selskapet.**
- 2. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**
- 3. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 11.07.2021**

Det er ein føresetnad for utbetaling av lån, at alle punkt under vurderingsdelen er framlagt frå styret i Berivest as og funne akseptable av kommunane

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sa ho var inhabil i denne saka sidan ho er i styret i selskapet og forlot møte. Formannskapet samla seg om at Størkersen var inhabil.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 019/2021 VEDTAK:

- 1. Berivest as får tilbod om lån gjennom kraftfondet med inntil kr 500.000 til ferdigstilling investeringsføremål og oppstart av selskapet.**
- 2. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**
- 3. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 11.07.2021**

Det er ein føresetnad for utbetaling av lån, at alle punkt under vurderingsdelen er framlagt frå styret i Berivest as og funne akseptable av kommunane

020/2021: Søknad om tilskot til tursti ved idrettsanlegget på Hosteland og tilskot til Sleire skulemuseum inkl parkeringsplass

Rådmannen sitt framlegg:

04.02.2021 FORMANNSKAPET

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte.

Det vert løyvd inntil kr 100 000 til etablering av tursti ved idrettsanlegget på Hosteland. Tilskotet vert utbetalt etter søknad og etter at prosjektet er sikra finansiering frå private. Tilskotet vert finansiert gjennom unytta midlar frå kulturbudsjettet 2020.

Det vert løyvd inntil kr 100 000 til Sleire skulemuseum og parkeringsplass. Tilskotet vert utbetalt etter avtale. Tilskotet vert finansiert gjennom unytta midlar frå kulturbudsjettet 2020.

FS - 020/2021 VEDTAK:

Det vert løyvd inntil kr 100 000 til etablering av tursti ved idrettsanlegget på Hosteland. Tilskotet vert utbetalt etter søknad og etter at prosjektet er sikra finansiering frå private. Tilskotet vert finansiert gjennom unytta midlar frå kulturbudsjettet 2020.

Det vert løyvd inntil kr 100 000 til Sleire skulemuseum og parkeringsplass. Tilskotet vert utbetalt etter avtale. Tilskotet vert finansiert gjennom unytta midlar frå kulturbudsjettet 2020.

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 04.02.21 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar